

– Noregs beste kvinneleg

– Eg fann Noregs beste og mest erfarne kvinnelege jeger i Sveio, seier forfattar Egill J. Danielsen. Helga-Mari Tessem er ein av ti hjortejegrar som blir portrettert i den nye boka **HJORTEJEGERNE**.

Tekst: Irene Jacobsen

– Han tar kanskje munnen litt for full. Det finst nok mange jenter der ute som forfattaren ikkje har klart å finna tak i, trur Helga-Mari Tessem. Om 14 dagar reiser ho til Sogn og Fjordane for å treffa dei andre ni hjortejegrane som er portrettert i den nye boka til Egill J. Danielsen. I fjor haust møttest dei alle saman på heimegarden til forfattaren. Når jegrane møttest denne gongen er det for å feira boka – og sjølv sagt for å gå på jakt.

– Sikker på du vågar dette?

Helga-Mari Tessem debuterte i 1994. Ho hadde før det vore med på jakt, utan børse - men med kamera, i hælane på dåverande sambuar Jarle Erdalsdal.

Etterkvart blei det både jegerprøve og børse og jakt på eiga hand.

– 1994 var det fortsatt så få jenter som gjekk på jakt at du blei kikka litt rart på. Ingen ville spurt ein mann som kom på skytebanen om han viste opp-ned på børsa. Sikker på du vågar dette? spurte dei meg. I dag skryt jaktlaga av at dei har med seg damer. Det er heldigvis blitt vanlegare med jenter på jakt. Kanskje er det faktisk lettare for oss jenter å komma inn i jaktmiljøet. Me blir ikkje sett på som ein trussel, dei synest det er stas at me jaktar.

I starten blei det mange jakturar utan at ho skaut verken rådyr eller hjort.

– Eg gjorde alle dei klassiske nybegynnarfeila; bråkte for mykje, gjekk feil veg med vinden. Etter kvart lærte eg å tolka naturen og stola på meg sjølv. Når du kan lesa naturen blir det knallkjekt!

– Gjer livet rikare

Jegerprotrettet i den nye boka blei til ei helg i fjor haust. Forfattaren kom til Sveio og blei med Helga-Mari på hennar eigne jaktmarker. Turen gjekk til Tittelsnes, og den store hjorten ho feller blir flådd midt på natta - i flomlys fordi forfattaren skal ta bilder til boka.

– Heile konseptet tiltalar meg. Eg tenkte på det i går kveld, at det store kicket er når du ser dyret. Eg beundrar dei. Å klara å overlista eit dyr som har så god luktesans og hørsel, klara å snika deg innpå - det er heilt fantastisk. Akkurat å drepa dyret er heilt underordna. Det som triggar meg er at eg må bruka alle sansane, eg må kjenna skogen og forstå dyra

for å klara å overlista dei. Å vera ute i skogen gjer faktisk livet rikare.

Kr. Himmelfartsdag

Helga-Mari Tessem er på veg heim. I vegkanten står ein bil parkert, i grøftekanten ligg eit hardt skada rådyr. Ho skjønar teikninga raskt, er vant med å ta seg av både trafikkskadde og drepne vilt. Denne gongen blir meir spesiell enn ho hadde tenkt seg. – Eg hadde sjølv sagt ikkje børsa med meg, forklarar Helga-Mari.

Ho set seg overskrevs over dyret slik at han ikkje skal stikka av når han vaknar til. Alternativet er å sleppa han laus – med påfølgande ettersøk. – Skaff meg ein kniv, ber Helga-Mari. Ein hyttenabo kjem til med ein kniv, sjølv går han heim igjen, orkar ikkje hjelpe til. Sjøføren av bilen har nok med å ta seg av gutungen som står og ser på det heile.

– Huff, eg har sikkert gjort guten til vegetarianar, sukker Helga-Mari. Det er første og einaste gong ho har drept eit rådyr med kniv.

–Eg er veldig glad i dyr. Dette var ei ubehageleg oppleving, dramatisk og grusomt. Ein kollega frå AMK-sentralen køyrde forbi like etterpå. Eg stod der i finkleda, full av blod. — Kva i all verda driv du med? spurte han.

Rekruttering

Kvifor går ikkje fleire jenter på jakt? – Det ser kanskje ut som jentene enten er avhengige av at typen drar dei med, eller heile venninnegjengen. Det er vanskeleg å koma i gong, du må ha litt sjølvtilitt.

Ho prøver å vera ein god representant og skryt gjerne av naturopplevingane ho får når ho jaktar. Du finn henne på jaktforumet kammeret.no og på Youtube.

– Eg har fleire gonger filma hjort og rådyr på 15-20 meters hald. Dei har ikkje ant eg har vore der.

Ho likar helst å ha dei på kloss hold når ho skyt også. Det er ein kunst å komma tett innpå dei.

I fjor blei den største hjorten hennar felt på Nonslid. Tessem noterte 90 kilo slaktevekt.

I fjor blei det 6 hjortar og 4 rådyr. Så langt i år har det vore ein god haust...



Gullalder for hjortejakta

I fjor blei det for første gong her i landet felt meir hjort enn elg. Hjorten er ikkje lenger berre vestlending, han er også blitt noko elgjegrane på Austlandet nå bryner seg på.

– Bestanden har eksplodert, og hjorten breier seg austover. Midt i denne gullalderen til hjortejakta, er boka «Hjortejegerne» blitt til, fortel forfattaren Egill J. Danielsen.

I boka hans møter du ti drivne hjortejegrar. Forfattaren er med

dei alle på jakt, og skriv om deira spesialitetar.

Kurt Oddekalv blir i boka presentert under kapittelet om smygjegeren. Helga-Mari Tessem frå Sveio er kvinnealibiet.

– Det finst ein del kvinner i Noreg som jaktar. Men få med verkeleg jakterfaring. Eg trur Helga-Mari er Noregs mest erfarne kvinnelege hjortejeger, seier Danielsen.

Nær 36.000 dyr blei felt i fjor. Veksten i talet på jegrar har ikkje vore like stor. Likevel finst det meir enn 10.000 fleire enn i 2001.



ge hjortejeger



Bildet er tatt klokka to om natta på eit jorde på Tittelsnes. Helga-Mari Tessem vommar ei kolle i lyset av store lyskastarar mens frilansjournalist/fotograf Egill J. Danielsen tar bilder til boka HORTE-JEGRENE. (Foto: Egill J. Danielsen)



Tessem er autorisert ettersøksinstruktør sidan 2007 og autorisert ettersøksdommar sidan 2008. (Foto: Egill J. Danielsen)



Starten på årets jakt såg slik ut. TV2 har denne veka snusa opp Helga-Mari Tessem, og spurt om dei kan få bli med henne på jakt. Snart ser du henne altså på fjernsynet. (Foto: privat)

Helga-Mari Tessem har si eiga nettside der ho skriv om både jakt og ettersøk. Her er hennar eiga jakthistorie frå årets første tur med børsa på ryggen:

17.09.2009

Jeg har ikke vært ute så mye i hjortejakta; det har vært spinn-travelt på jobb og været har heller ikke vært av det beste. Men denne kvelden er det sol og mildt i været og jeg bestemmer meg for å ta turen opp på den toppen som ligger midt ute i skogen. På veien dit passerer jeg jakttårnet hvor jeg skjøt den store bukken min i fjor.

Jeg er svett og varm når jeg når toppen og siger forsiktig ned i en komfortabel sittestilling. Myra foran meg er diiiiger - avstandene varierer mellom 70 og 500 m :) Ikke det at sistnevnte er aktuelt for meg - men jeg kan jo spotte hjorten og følge den der den vandrer langs myrkanten og bortover mot meg. Dvs. hittil i år har jeg ikke sett eller hørt noenting så jeg er ikke så optimistisk i dag heller.

Jeg sitter nå der og sender en sms og er litt i andre tanker når jeg ser noe i øyekroken til høyre nedenfor meg. Jeg tar opp kikkerten og glør (Jeg har kjøpt meg en Zeiss 10 x 45 RF). Nei, skulle du sett - der ligger det jaggu meg en spissbukk og drøvtygger og slapper av i kveldssola! Han lå der før jeg kom på plass og jeg har heldigvis ikke avslørt meg. Han ligger og ser utover myra og har visst tenkt å bli liggende der en god stund til. Nå er det ikke ideelt å skyte på liggende dyr, men jeg er en habil skytter og dyret ligger fjellstøtt og hele nakken og hodet er fritt. Avstanden måles til 99 m. Så jeg finner meg en god sittestilling, sikter og klemmer forsiktig inn avtrekkeren. Bukken legger bare hodet litt til sides og that's it. Ikke en muskeltrekning er å se - han er død i smellen. Av gammel vane tar jeg nytt ladegrep straks og blir sittende og kontrollere dyret en stund før jeg pakker sammen og begynner å klatre ned til ham. Det er bratt og ulendt her for jeg gidder selvsagt ikke å gå hele veien tilbake og så runde toppen - jeg tar strake veien til målet.

Vel nede begynner jeg å vomme og har også fått gitt beskjed pr. telefon om at jeg trenger drahjelp. Mens jeg ligger på kne med armene mine langt inni buken så ser jeg tilfeldigvis utover myra. Og der ute på en fjellknatt ser jeg at det står ei kolle og glør på oss. Vi er helt åpne og hun har nok sett på meg en stund. Helt automatisk kryper jeg sammen og lirker kikkerten og rifla bort til meg - blodig og fæl tørker jeg det verste blodet av på buksa. Avstanden er 170 m og kolla står fremdeles og stirrer på oss. Hmmm - hva skal jeg gjøre nå? Skal jeg prøve meg på henne eller skal jeg fortsette å vomme? Jeg setter meg rett ned på berget og sikter på henne - hun ligger klart i sikket mitt og jeg vet at skal jeg skyte må jeg holde høyt. For kula dropper litt på den avstanden og jeg har ikke ideell sittestilling. Jeg tenker så det knaker - skal, skal ikke? Jeg bestemmer meg og lar skuddet gå. Hun vinkler ned mot ei treklynge og jeg kunne ikke se skuddreaksjonen. Dessuten dukka det opp 3 andre dyr når skuddet gikk og de forsvant også ned i treklynga med kolla. Jeg lytta intenst etter baskelyder men hørte ingenting. Brått kom det dyr springende opp og vekk og to av dem jogga lett langs myrkanten i retning meg. Det er nå ting kan bli vanskelige for jeg visste ikke om dette var "min" kolle eller om det var de andre. Etter å ha glodd på dem i kikkerten så var det ingen tvil om at disse her var helt i superform og ikke påtruffet i det hele tatt. Ergo måtte hjorten min ligge igjen i krattet eller løpt en annen vei som jeg ikke hadde kontroll på.

Jeg går over myra og bort til skuddplassen. Det er tydelig at her har hjortene ligget og sluppet av - gresset var helt flatt etter et dagleie. Jeg ser ingen tegn til blod og går 5-6 skritt mot treklynga som hun forsvant i. Og der - maks 10 m fra skuddplassen - ligger hun død. Så da har jeg altså to dyr på ei lita økt! Det er ei stor og fin gjeldkolle, for juret er helt flatt og ingen tegn til melkeproduksjon.

Det blir helst en lang kveld for vi er tre stykker som må dra dyrene ut av skogen og det er et helsikes slit når det er mye myr og kratt vi skal gjennom. Vel hjemme så venter selve flåingen, men når vi er to stykker så går det fort og greit unna i løpet av en liten times tid. Rydding og vasking og en aldri så liten dusj og klokka har passert midnatt med en halvtime. Men det er en veldig god følelse da å endelig være i gang!